



Røysterett for alle var noko redusert denne gongen

**Av ein eller annan heller uforklarleg grunn kalla Rosendal Songlag stemnet sitt i kveld for minisongarstemne.**

**Men berre omfanget - med 7 kor og grupper - tala for at det skulle bli eit maxistemne.**



Frøydis Sjø imponerte stort som solist.

Og det vart det også, med ein imponerende musikalsk spennvidde gjennom dei innpå 3 timene det vara. Det fekk også den oppslutnaden det fortente – med 100 selte billetter i tillegg til dei rundt rekna 120 songarane og muskarane.



Ole Jakob Hystad saman med Jazzverket, bestående av Stein Haugen, Torkjell Nerhus og Lars Storegjerdet

Uskedalen sitt eige kor Røysterrett for alle opna konserten med utdrag av sitt kjente og kjære repertoar. Koret var noko redusert denne gongen på grunn av sjukdom, men avvikla songar som "Man borde inte sova" og "Malene" på vanleg vis. Vi såg også fram til ein annan Nordstoga-song – "Frøken Franzen" – mensolisten måtte melde pass og kjem sterkare att i november.

Denne gongen var nok vertskoret, som også blir dirigert av Maria Malmsten, eit strå kvassare enn Røysterrett for alle og song spesielt "Michelle" betagande vakkert.

Jazzverket og tenorsaksofonist Ole Jakob Hystad frå Stord gjorde seg sterkt gjeldande også under denne Rosendal-konserten og da ikkje minst med "Tribute to Louis Armstrong".

Kammerskoret, som har basen sin i Valen-området, markerte seg framfor alt med sin solist Hjørdis Østerbø, som også er dirigent for Husnes blandakor.

Men det er ikkje tvil om at solist Frøydis Sjø, som syng i Strupebandet frå Halsnøy, fortener solistprisen denne gongen hvis det hadde vore delt ut nokon slik.

Ho og koret fekk det til å svinga utruleg då dei avvikla svisker som "What a wonderful world" og vi bør også ta med saksofonisten Hallgeir Tvedten i samme slengen. Strupebandet stilte med eit mannskap på rundt 30 og det må ha skjedd bortimot eit kor-under på øya i den seinare tid.

Punktum var det Kammerkoret GNEIS - frå Bergen men leia av kvinnheringen Tore Kloster – som sette. Korstoffet deira var svært krevjande, eksperimentelt og spennande og er ikkje for kven som helst.

Til slutt dirigerte Maria Malmsten alle songarane i Haydn-tonar og alle var einige om at dei hadde hatt ei stor oppleving.

Tekst og foto: Ola Matti Mathisen



Maria Malmsten dirigerte alle til slutt